



Søkte ikkje om fritak for Heio

Uskedal Idrettslag har nyleg fått melding om skattetakst og utrekna eigedomsskatt for 2 idrettsanlegg. Laget har ved ein inkurie ikkje søkt om fritak for denne skatten, innrømmer leiar Bjarne Lilleaas i eit brev til kommunen



Søkte ikkje om fritak for grusbana

Saka om fritak for andre ideelle organisasjonar var oppe i kommunestyret like før jul.

Dei to anlegga til idrettslaget fell klart innanfor reglane for fritak, påpeikar leiaren.

Dersom eigedomsskattekontoret har nokon moglegheit til å gjera noko med dette no i ettertid ber idrettslaget om å bli ansett på mildaste måte.

Men det er også ein positiv nyheit frå idrettslaget i føremiddag:

To månader etterat eit hjørne av gjerdet rundt Heio vart nedkøyrd er det i dag under reparasjon. Og det er ingen aprilspøk1

Av Ola Matti Mathisen



Under reparasjon i dag: Gjerdet rundt Heio!